



Biskop Halvor Nordhaug

har i brev til kyrkjekontora sagt at vi må vera ei nærverande kyrkje også i denne tida. Sokneprest Kjetil Netland i Balestrand skreiv ei bøn som har lege her på heimesida. På Den norske kyrkja sine nettsider vil ein finna fleire bøner og andakter.

Vi som arbeider i kyrkja er oppmoda om å bruke telefon og andre media for å visa at vi er til stades for dykk. Dei fleste har heimekontor no, men vi «møtest» dagleg på sosiale medier. Underteikna er ansvarleg for heimesida nett no, og kan kontaktast på tel. 469 28 613.

For tida er prost Geir Paulsen ansvarleg for Vik. Tel. 901 08 179.

Når nokon ønsker nattverd eller samtalar i samband med alvorleg sjukdom og omsorg for døyande, er det prosten som kan formidla hjelp.

Når det vert gravferd, må den organiserast i høve til smitteverntiltaka frå kommunen og bispedømet.

Gudstenestene i påska kan ikkje avviklast på vanleg måte, men dei lokale kyrkjene vert oppmoda til å finna ein utveg. Vi har sett ulike tiltak på TV.

Kyrkja har og oppmoda NRK til å vera ein god formidlar.

Biskopane har vedteke at konfirmasjonane vert utsett til etter sommarferien.

Vi vil oppdatera her på heimesida.

Sylvi Nummedal